



Alver Hotel AS
Alvervegen 100
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1480 - 15/37397

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
16.12.2015

Svar på søknad om godkjenning av fettutskiljar - gbnr 137/129 - Alver Hotel

Teknisk drift syner til innsendt dokumentasjon for fettutskiljar anlegg ved Alver Hotel motteke 14.10.2015.

Vedtak:

Teknisk drift gir løyve til tilkopling av fettutskiljar med størrelse NS 20 til kommunalt leidningsnett, Alver Hotel, på følgjande vilkår:

- Løyve til påkopling av fettutskiljar, nominell størrelse NS 20, vert gitt ut i frå innsendt berekningsgrunnlag på 1000 porsjoner per dag.
- Tømmefrekvens i Lindås kommune er 3-12 gonger i året. Tømmefrekvens er avhengig av størrelse på anlegget og produksjon ved verksemda. Fettlag skal ikkje overstige 25% av volumet i tanken. Minste krav til tømning vert sett til minimum 3 gonger per år, under føresetnad om at anlegg fungerer slik det skal.
- Det skal sendast inn minst representativ **2 temperaturlogger for anlegget per år**. Temperaturlogging skal **utførast over 3 døgn rett før tømning av anlegg**. Anlegg skal være i full drift under logginga, dvs at logging ikkje kan utførast når kjøkken er stengt eller når produksjonen ved kjøkken er redusert. Ei av loggane skal utførast i samband julebordsesongen (fredag til og med søndag). Temperatur i anlegg skal ikkje overstige 30°C.
- Det skal inngås skriftleg avtale med godkjent tømmeoperatør. Avtale skal være signert av begge parter og kommunen skal ha kopi av dette.
- Større mengder fett, som til dømes fritryfett/-olje, skal ikkje førast til utskiljaranlegg men samlast opp og leverast til godkjent mottak.
- Bruk av vaskemidler fører til at fett emulgerer og vert vanskeleg å skilje ut i anlegget. Berre godkjente vaskemiddel skal nyttast og bruken av disse skal avgrensast til eit minimum. Kommunen forventer at verksemda går i dialog med kjemikalieleverandør, eventuelt anna kompetanse på området, for å optimalisere kjemikalie bruken med tanke på lågare fettutslipp. Nokre av vaskekjemikalie kan redusere reinsefunksjonen til anlegget.



- Minimum 1 gong i året skal utskiljaranlegg tømmast fullstendig og reingjerast grundig med varmt vatn under høgt trykk. Spylevatnet skal ikkje leiast ut på kommunalt nett, men sugast opp av slambil. Alle overflater ettersjåast og vedlikehaldast, dette gjeld også tidsur, skrapeverk, pumper, ventiler osv.
- Anleggseigar skal ha jamnleg ettersyn av utskiljaranlegg for å unngå driftsproblem, som til dømes tetting av rør, oversvømming og luktpoblemer. Verksemda skal ha eit system for tømmerutiner og vedlikehald av anlegg. Kommunen skal ha kopi av dette.
- Det skal førast driftsjournal for anlegget. I driftsjournalen skal det førast inn data om når anlegg vart tømt, mengde fett som vart tømt, og kven som utførte tømninga. Driftsopphald i samband med vedlikehald av anlegg skal også førast inn med notering av tid, dato og kva type driftsoperasjon som vart utført. Driftsjournalen skal til ein kvar tid være tilgjengeleg for kontroll frå Lindås kommune.
- Verksemda skal kvart år sende inn kopi av driftjournal, tømmerappor og temperaturlogger til kommunen. **Dette skal være kommunen i hende seinast 1. februar påfølgjande år.** Verksemda kan inngå avtale med godkjent tømmeoperatør om at dei skal står for innrapportering til kommunen. Kommunen skal da ha kopi av avtalen.
- Det skal leverast inn «as built» teikningar og situasjonskart over anlegg. Situasjonskart skal vise kva som er ført på anlegg og påkoplingspunkt til offentleg leidningsnett. Situasjonskart og teikningar skal være i målestokk 1:500.

Vi gjer merksam på at tiltaket kan være søknadspliktig etter plan og bygningsloven.

Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Avdelingsleiar vatn og avlaup

Mottakarar:

Alver Hotel AS

Alvervegen 100 5911

ALVERSUND